

Kyrkjeblad

for Vestre Slidre




Foto: Ola Døhl

«Ved daggry første dagen i veka kom kvinnene til grava og hadde med seg den angande oljen dei hadde gjort i stand. Då fekk dei sjå at steinen var rulla ifrå grava. Dei gjekk inn, men fann ikkje Herren Jesu kropp. Dei visste ikkje kva dei skulle tru, men med eitt stod det to menn hos dei i skinande klede. Kvinnene vart forfærde og bøygde seg med andletet mot jorda. Då sa mennene til dei: Kvifor leiter de etter den levande mellom dei døde? Han er ikkje her, han er stått opp.» Lukas 24. 1-6a.

*Lyset skin i mørkret og mørkret har ikkje overvunne det!
Ver med oss når det hender!*

Velkomne til PÅSKENATTSMESSE i Slidredomen laurdag kl. 23.00 og ei stund utover.
Ver med å syng deg inn i det stigande lyset frå aust!

GOD PÅSKE!



Biskopens påskeandakt

«Han stod opp før dagen demret; dødens dype natt tok slutt. Kristus lever, han har seiret; dødens mørke makt er brutt. Sol og måne, jord og himmel, dyr og fugler, gress og trær; alle ser og alle jubler: Han er oppstått, Gud er her!»

Denne vakre salmen setter ord på det dyptgripende og altomfattende som finnes i påskebudskapet. Skaperverket, med all sin skjønnhet, strekker seg opp i glede med løftende hender og jublende lepper. For i og med første påskedag skjer det noe nytt; noe gjennomgripende annerledes; graven kunne ikke kneble Herren! Kjærligheten seiret, og livet vant. Jesus Kristus stod opp før dagen demret, og brakte håp til mennesker i generasjoner etter generasjoner. Vår erfaring med døden og det vonde fikk en helt ny dimensjon; døden hadde ikke lenger siste ordet. Livet vant, dets navn er Jesus!

«Han stod opp for dem som brakte blomster til hans tause grav. Han stod opp for sine venner, dem han elsket og holdt av. Graven kunne ikke kneble han som er Guds skaperord. Kristus lever, vi gir stemme til en sang om håp på jord»

I påsken ble håpet født. Og alle mennesker trenger håp – vi trenger noe å orientere oss mot, noe som viser vei igjennom det mørke som vi alle en eller annen gang må besøke. Budskapet fra påskedag kan være det lyset som til sist seierer og leder oss ut. Vår oppgave, som kirke og mennesker, er å gi en stemme – slik at alle kan synge sangen om håp på jord; og dette gjør vi gjennom vår daglige oppmerksomhet på menneskene rundt oss. For hvem vet hva slags mørke menneskene vi møter befinner seg

i? Men vi vet vi kan bringe lys inn i verden – for eksempel ved å bruke våre blikk til å anerkjenne, glede og smile til dem vi møter på vår vei. Lyset kan formidles på så mange måter – og det kan vi alle bidra til.

«Han stod opp, hans venner fryktet jordens mørke, dødens natt. Han stod opp da troen sviktet, da de trodde seg forlatt. Fylt av mismot var vi alle til han delte vin og brød. Kristus lever, vi skal leve, det er døden som er død!»

Vi trenger stadig påminnelse om Kristi seier. Det er lett å miste motet i en verden som mange ganger kan synes å mangle barmhjertighet. I kirkens fellesskap, i ord og sakrament, kan vi minne hverandre på at livet har et holdepunkt, et sentrum. I møte med Kristi oppstandelse møter vi et budskap som har sprengkraft til å gjøre tvil til tro, mismot til håp, mørke til lys.

Påsken er tiden for å glede seg over det store underet; Guds kjærlighet til oss mennesker er så stor at selv ikke døden kunne stå imot. Og det skjedde da dagen demret på påskemorgen – da alt det skapte jublet over Herrens kjærlighet for hele skaperverket!

«Han stod opp før dagen demret; ut av natt brøt lyset frem. Kristus lever, han har seiret; evig lever vi med ham. Han er her og han vil skape liv der natt og mørke bor. Kristus lever, vi skal bære, Herrens seierteign på jord.» (NoS nr 214)

En riktig velsignet påskehøytid til dere alle!

LEIF JØRN HVIDSTEN
fungerende biskop

SKAPAREN TENER DET HAN HAR SKAPT

Påsketankar v/ salig Wilfrid Stinissen
(i tillempa nynorsk språkdrakt)

Om kvelden Skjærtorsdag er Jesus og disiplane samla til måltid.

Jesus veit at det er siste gongen han er saman med dei. Alt han seier og gjer får difor ei særskilt kraft. Kvar rørsle er lada med innhald. Jesus gir dei testamentet sitt. Han kneiler for venene sine og vaskar føtene deira. Denne tenesta er det vanlegvis ein slave som gjer. Evangelisten Johannes skildrar denne hendinga og legg vekt på to ting:

For det fyrste: Det vonde har allereie gitt Judas ideen om å forråde Jesus. Jesus vaskar ikkje føtene til disiplane fordi dei er gode og elskverdige. Han gjer det fordi han elskar med ein kjærleik som ikkje kan anna enn å gå til yt-

tarste konsekvens. Jesus gjer seg liten for kvar einiskild. Det vonde var allereie i Judas. Likevel får han sjå meistaren sin liggje ved føtene sine.

For det andre uttrykkjer Johannes at Jesus er fullt klar over at Faderen har gitt alt i hendene hans. Han veit at han kjem frå Gud og no vender attende til han. I denne stunda veit Jesus at han er Gud. Den tenesta han no gjer er ikkje berre ei venlegheit mot vener eller sine næraste fortrulege. Det er heller ikkje ein lærar sitt typedøme på audmjuke. Det som hender er at Gud kneiler for skapningen sin, og tener han. Gud er ikkje berre blitt menneske, han er blitt mennesket sin slave, og tar sjølv aller nedste plass.

Når vi ser på dette mysteriet, blir det nesten komisk at vi så gjerne vil dominere andre, få retten vår, og halde på verdigheit. Dersom vi vil likne Gud, fins berre ein veg: vi må bøye oss djupt og tena.

«Natta lyser som dagen»

– Om påskenattsmessa

(AV KANTOR ARE)

Mange av oss har minne om barneskulelæraren som for-
tvila prøvde å uttale den siste, mystiske og harkande lyden
i det jødiske ordet *pesah*. *Pesah* som var og er den vikti-
gaste jødiske høgtida, til minne om då Gud ramma Egypt
med den siste landeplaga og Moses delte havet og førde
folket ut. Sjølv ordet tyder «gå forbi» og viser til at Herren
let dødsengelen passere husa til israelittane fordi dei hadde
stryke blod frå eit lam over dørstolpane sine.

Vidare har vi lært at vårt ord, *påske*, kjem av det
hebraiske *pesah*. Men frå utgangen frå Egypt og fram til
Jesu tid er det om lag 1250 år. Så kva har eigentleg jødisk
og kristen påske med kvarandre å gjere? Og kvifor heiter
«påske» noko heilt anna på engelsk? «Easter» - altså him-
melretninga «aust» har sine språklege røter frå eit ord som
handlar om lysskinn, eller kanskje frå *Eostre*, morgon-
gryets gudinne. Ser vi på liturgien til påskenattsmessa, kan
vi nærme oss eit svar på båe spørsmåla.

Når vi kjem til kyrkja på påskeaftan, kl 23, har vi ikkje
vore der sidan vi sløkte lysa og tok vekk altarduken på
langfredag. Kristus er død, og verda er mørk. Men i inn-
leiinga av messa tenner vi det store påskelyset og går inn i
kyrkja med dette medan vi syng «Kristus – verdas ljøs».
Alle som har kome, har fått utdelt sitt eige vesle stearinlys
som får eld frå påskelyset. Deretter syng vi påskelov-
sangen, til tekst og tonar eldre enn Slidredomen: «*Fryd deg,
du Guds englehær i himmelen. Jubla av glede, du Guds
mysterier, basunen kunngjer sigeren som den store kongen
vann. Gled deg, du jord, som strålar i ævelivs glans, all
verda skal vita at mørkret har vike.*» Og etter ei stund stem-
mer kyrkjelyden i: «*Dette er natta då Kristus braut dødens
lekkjer og sigrande stod opp frå dødsriket.*»

Vidare i teksten til påskelovsangen ser vi kva saman-
heng det er mellom *pesah* og *påske*: «*Ja, dette er påske-
festen, då det sanne Lammet vart slakta, og med blodet frå
dette lammet vert dørstolpane hjå dei truande helga. Dette
er den natta, då du førte fedrane våre, Israels born, ut or
Egypt og lét dei gå tørrskodde gjennom Raudehavet.*» I
kyrkja blir den jødiske feiringa av utgangen frå Egypt eit
forvarsel om det som skulle skje med Kristus. Han er det
nye offerlammet, og ved hans blod blir vi sparte, slik at vi
ikkje lid dauden på den siste dagen. På same måten som
Gud berga israelittane då dei var fanga mellom havet på
den eine sida og Faraos hær på den andre sida, slik bergar
han no alle menneskje gjennom vatnet – *dåpsvatnet*.

«*Lat ljuset brenna utan slutt og driva bort mørkret frå
denne natta. Lat morgonstjerna finna det brennande, den
stjerna som ikkje veit av nedgang. Kristus som har vendt
attende frå dei døde og lyser for menneskeslekta.*» Kristus
er morgonstjerna som har vunne over døden, lyset som har
siga over mørket. Lyset kom til verda til jul, ved vinter-
solkverv, og dagen og lyset vinn over natta ved vårjamn-
døger. Easter, som ei henvisning til morgongryet og den
sanne morgonguden, er visst heller ikkje eit dårleg namn
på høgtida.

Resten av messa faldar ut samanstillinga mellom jødisk
og kristen høgtid og mellom Kristus og sola. Vi les tre teks-
tar frå Det gamle testamentet - om korleis lyset vart tent då
Gud skapte verda, og om korleis Herren leidde israelfolket
gjennom Raudehavet, ut or fangenskapet. Deretter les vi
ein tekst frå profeten Esekiel om korleis dei døde vert
levande att, før det for fyrste gong kjem lyd frå orgelet.
Intensiteten i orgelet aukar heilt fram til det eksploderer i
lys og kyrkjelyden bryt ut i Gloria – Ære vere Gud i det
høgste – lovsongen som har vore taus gjennom heile faste-
tida. Vi har kome over til nytestamentlig tid og får høyre
historia om den tomme grava og om korleis vi, gjennom
dåpen, har fått del i Jesu død og siger over døden. Påske-
høgtida er i gang – og seinare i messa kan vi syngje:

Se her det rette påskelam:

Han som på korset døde!

Nå kalles vi til liv med ham,

han er vår sjeleføde.

På vår dør er strøket blod,

når straffens engel ser vår tro,

går han forbi vår bolig.

Halleluja!

Så feirer vi den høye fest

Med hjertens takk og glede.

Av det som var, skal ingen rest

få holde gleden nede.

Nådesolens klare skinn

skal gjennomstrømme sjel og sinn

nå er vår natt til ende.

Halleluja!

«*Å ikke forstå seg på Gud er en glede som varer til tidens ende.*»

BISKOP EMERITUS MARTIN LØNNEBO

SLIDREPRESTEN I KLOSTER

Kl. 05.45 våkner jeg av de mange klosterklokkene som ringer inn til morgenbønn i den vakre kirken i Monastero di Bose. Jeg haster av gårde gjennom morgendisene for å rekke Laudes, dagens første tidebønn. Det er fremdeles mørkt ute.

Bortetter brosteinen kan jeg skimte flere, men ingen snakker med hverandre. Det er stille. Ikke lenge etter fylles kapellet opp av besøkende gjester fra nært og fjernt. Hvitkledde munke og nonner finner sine bestemte plasser oppe i koret, kvinnene på høyre side og mennene til venstre. Den vakre gregorianske sangen fyller nå kirkerommet med lovsang hentet fra Skriftens salmeskatter. Alt er på italiensk, men det er ikke vanskelig å følge med på hva som skjer. Den liturgiske tradisjonen er kjent.

Monastero di Bose ligger ved foten av de vakre Alpene, nord i Italia, ikke langt fra metropolen Milano, - men allikevel godt forankret ute på landsbygda mellom vinranker og frodige jordområder.

Hit har jeg blitt invitert av Peter Halldorf, forfatter og preses av den økumeniske kommuniteten i Bjärka Säby i Östergötaland. Peter har vært i Bose mange ganger tidligere. Nå vil han ha med seg soknepresten i Slidre og dele sine rike erfaringer. Jeg kjenner meg rik og takknemlig som får lov å være med.

I fem hele dager får jeg bo i klosterets vakre gjestegård og ta del i klosterets egen rytme. Dagene bærer preg av bønn, stillhet, lectio divina, selvstudium, måltidsfellesskap, vandringer og gode samtaler. Her er man skjermet fra verdens larm og uro. Her har jeg verken tilgang på TV, radio eller internett. Dette er stedet hvor sinnet kan falle til ro og hjertet finne sin hvilepuls.

Et sjeldent økumenisk fellesskap

Det økumeniske klosterfellesskapet i Bose er eiendommelig. Hit kommer tusener av mennesker for å finne åndelig fornyelse, retning og klarhet. Erkebiskop Rowan Williams av Canterbury har vært her. Det samme har den ortodokse økumeniske patriark Bartolomeus av Konstantinopel. Katolske prester, biskoper og kardinaler er ofte på besøk. Flere norske og svenske biskoper har funnet veien hit. Den samme dagen jeg selv drar derfra, kommer biskop Per Arne Dahl for å besøke Bose. Selv møter jeg kollegaer og andre skandinaviske



Sokneprest Nils Terje Andersen fra Vågsbygd, Preses Peter Halldorf (som kommer til Slidre 6. april for å holde foredrag for prestene og økumenisk gudstjeneste for oss alle) og sokneprest Ola Døhl.

søsken som er her på retreat. I Bose er alle velkomne, enten man er protestant, katolikk, ortodoks, troende eller ikke. Her blir alle møtt med den samme monastiske gjestfrihet og kjærlighet.

Ikke mange klostre består av både menn og kvinner. Men i Bose finner vi dem begge. Her har de funnet en måte å leve det monastiske livet på, i gjensidig samklang med hverandre. Jovisst er det et brudd med tradisjonen, men her vokste det fram noe nytt i siste halvdel av forrige århundre. En av klosterbrødrene er tydelig på at det til tider kan være utfordrende med tanke på at man kan forelske seg, men har man avlagt et løfte om sølibat og kyskhed, så forholder man seg til det. Fellesskapet bærer mer preg av søskenkjærlighet enn noe annet. Her er man brødre og søstre for hverandre.

I Monastero di Bose har de også maktet å bygge et monastisk fellesskap på tvers av de tradisjonelle kirkegrensene. Ikke alle er katolikker. En av dem er protestant og to er ortodokse. Da den første protestanten (Daniel) kommer og banker på døra, bestemmer de seg i fellesskapet for at han er en gave fra Herren, og slik blir det monastiske fellesskapet samtidig et økumenisk fellesskap.

I Bose finnes håp for framtidens eukaristiske økumenikk. Her praktiseres gjestfrihet innfor Herrens måltid. Både katolikker, protestanter og ortodokse inviteres til å ta imot nattverden, noe som



Monastero Bose

ellers er svært uvanlig i katolsk sammenheng. Den eukaristiske gjestfriheten er et lys for hele kristenheten. Tanken på at brødre og søstre, uavhengig av konfesjon, kan komme sammen og dele det viktigste, det hellige måltidet, er håp for fremtidens kirke.

Et selvberget kloster

For meg begynner dagen langt over en time etter at klosterfolket kl. 04.30 starter dagen med bibellesning og kontemplasjon. Etter en stille frokost begynner dagens arbeid kl. 08.00 for munkene og nonnene. I klosteret er de stort sett selvbergede. Her har de eget bakeri, pottemakeri, snekkerverksted, gartneri, lysstøperi, kunstverksted hvor de maler ikoner og eget boktrykkeri. Alle har de sine oppgaver å forvalte. Noen av dem har ansvar for gjestene, for rommene og for maten.

I Bose finnes ingen felles spisesal. Flere av måltidene blir servert i en rekke smårom i gjestehuset. Her skal ingen kjenne seg ekskludert. Alle de besøkende skal få ta del i fellesskapet. Ingen skal kunne sitte alene.

Maten er spennende og italiensk. Den er enkel, men svært smakfull. Til maten blir det servert vann, bortsett fra siste dagen, hvor vinkaraflene står på bordet.

Sammen med oss gjestene rundt bordet, er det alltid to klostersøsken som deler fellesskap og forteller både om det daglige livet i klosteret, om forsakelsen, gleden og kallet. Samtalene er oppløftende og fulle av glede og takknemlighet.

Bror Norberto og ikonene

I klostret blir jeg kjent med bror Norberto. Han har vært i klostret i en årrekke og har lært seg å male ikoner. Han tar meg med opp i verkstedet sitt og viser meg hvordan et ikon blir til. Sjelden har jeg møtt et mer levende og engasjert menneske som elsker sin jobb. Han har lært å male ikoner etter ulike tradisjoner og er stolt og takknemlig over det han får være med å skape.

Et spesielt øyeblikk er det da han også tar noen av oss med ned i kjelleren av gjestehuset, hvor det henger hundrevis av ikoner i alle størrelser og som alle er malt til liturgisk bruk i Bose. Det kjennes nesten som om jeg er kommet til himmelen. Mange store kunstmuseer rundt omkring i Europa har jeg besøkt, men ingenting kan måle seg med dette, selv ikke det sixtinske kapell i Vatikanet.



Det første kirkerommet, før nykirka ble bygd.

Et urkirkelig ideal

Klosterfolket i Bose lever etter et urkirkelig ideal. De har alt felles. Ingen eier noe for seg selv. Klosteret lever av medlemmenes eget arbeid. De fleste av dem jobber i klosteret hvor de har tatt seg nye jobber. En av prestene jobber i bakeriet, en lege jobber i keramikerverkstedet, en lærer støper lys. De fleste er godt utdannet. Noen av dem jobber også utenfor klosteret, én som lege, en annen som lærer.

Rammen er alltid den samme. Tidebønnene gjennom dagen, bibelstudiet, det daglige arbeidet og det eukaristiske fellesskapet på søndag, ukas høydepunkt.

Klokken åtte på kvelden ringer klosterklokkene og kaller kommuniteten til ro. Klosteret blir stille. Alle går hvert til sitt. Noen legger seg til å sove, andre leser en bok eller går seg en liten tur før de fleste er i seng ikke lenge etterpå.

Når dagen kommer for å reise hjem, vil jeg gjerne betale for meg. Jeg får høre at jeg kan putte litt penger i en konvolutt, uten navn og legge dem i en postkasse. Hver og en får betale det de syntes de har råd til. Ingen skal komme til Bose og føle at de ikke har råd. Snakk om monastisk gjestfrihet!

Hit reiser jeg gjerne tilbake.

OLA, prest.



Den nye, vakre kirka.

Alle bilder er tatt av Ola Døhl.

Jesu påske – den stille veka

Palmesøndag:



Luk. 19, 28-31

– Som han kom bort imot Betfage og Betania, ved den høgda som heiter Oljeberget, sende han to av læresveinane i veg og sa: «Gå bort i den landsbyen som ligg framfor dykk! Når de kjem dit, finn de ein eselfole som står bunden, og som det aldri har sete menneske på. Den skal de løysa og leia hit! Og er det nokon som spør: Kvifor løyser de folen? då skal de svara: Herren har bruk for han.»

Inntoget i Jerusalem

Jesus rir inn i byen på eit esel. Han blir hylla som ein konge. Folk legg palmegreiner og kappene sine på vegen framfor han.

Måndag:

I Jerusalem

Jesus drar til templet og ryddar tempelplassen. Han driv ut alle dei som sel og kjøper der.

Tysdag:

Overprestene og dei skriftlærde vil bli kvitt Jesus. Dei slår seg saman mot han, og Judas tilbyr seg å hjelpe dei.

Onsdag: Jesus er åleine på Oljeberget saman med læresveinane sine.

Skjærtorsdag:



Leonardo da Vinci: Nattverden

Påskemåltidet

Jesus et påskelammet saman med læresveinane sine. Han vaskar føtene deira og trøyster dei. Så drar dei til ein hage.



Lachezar Radov: Porten til Getsemane

I Getsemane

Jesus ber til Gud. Læresveinane sovnar. Judas forråder Jesus. Jesus blir tatt til fange. Han blir stilt for

Det høye råd

Peter nektar for at han kjenner Jesus.

Neste morgon blir

Jesus stilt for Pilatus.

Jesus blir dømt.

Jesus blir krossfesta og døyr.

*Caravaggio:
Jesus blir tatt ned
frå krossen*



Jesus blir gravlagt.

Laurdag:

Pilatus set vakt ved grava.

Påskedag:

Tidleg om morgonen kjem kvinnene til grava.



Oppstoda

Jesus har stått opp frå grava. Maria Magdalena møter Jesus, og Jesus viser seg for læresveinane.

Vesper, ei tidebøn

Ei tid lang har kyrkjestaben i Vestre Slidre opna møta sine med ei morgonbøn i Slidredomen kvar tysdag, ei såkalla Laudes.

Vi sit inni koret, i ei vakker stemning av ro, stearinlys og høgtid. På dette viset opnar vi samværet vårt i staben i rette anden. Vi syng liturgi på vakre gamle tonar, har skriftlesing, truvedkjenning og bøn. Det er ein lyftande og god start på dagen. Det er presten og kantoren vår som har lært oss dette her i Slidre, men vi veit vi ikkje er aleine om tradisjonen.

I førstinga var dette med tidebønn noko som hende innanfor klostertradisjonen. Etterkvart opna klostra seg og lét folk koma inn og vera med på denne delen av dagen. I dag veks retreatstader over heile verda fram, der dette er ein sjølvsgagt del av tilbodet. Også ved mange kyrkjer, både lutherske, ortodokse og katolske kan ein no vera med om dette.

For å gje andre høve til ei slik tidebønsoppleving, vil vi no framover halde ei kveldsbøn – ei såkalla VESPER – førebels er det ein gong i månaden, kl. 19.30, neste gong ONSDAG 30. MARS!

Hit er alle velkomne til ein roleg halvtime omkring, liturgi, salmesong, skriftlesing og bøn. Vi deler også ei historie om dei mange menneska som har valgt å leva eit liv på inspirasjon av Vårherre.

Det kan vera ei stund for spesielt interesserte, dette, men dersom du lengtar etter ro og likar stemning, ja, då kan ein vakker halvtime som talar til fleire sansar, vera noko å prøve!



Slidredomen pynta til Vesper

Det blir ikkje sett noko krav, du kan høyre på, ev. etterkvart bli kjent med det og slå deg med om du vil. Du kan koma kvar gong eller berre når du føler for det. Dette rommet er det ingen som enno «eig» og derfor kan du koma hit om du aldri går i kyrkja elles. Det er mange som er søkjande, men ikkje så lett finn vegen inn i kyrkje-romet. Dette er ein annan inngang! Vi vil gjerne vera ei kyrkje i vekst: Velkomen du med! (også om du må krysse sokne/kommunegrensa....)

Pilegrimstankar om å vera undervegs og likevel halde fast i noko

Ei helsing til dei nye sokneråda

Kvar gong det er nye sokneråd, er det spennande for oss i kyrkjestaben. Kven er dei og kva vil dei og kva slags ressursar kan dei nytte inn mot kyrkja? Vi er taknemlege for at dei vil vera med oss, samstundes som vi nok er klar over at kanskje nokre er komne med meir eller mindre friviljult.

Vi vil de skal veta at vona vår er at vi og kan gje dykk noko som de kan gå vidare på, etter desse fire åra. Vi vonar og at de får gjera noko de gjer med lettheit, kanskje og med interesse etterkvart? At de ikkje skal vera redde for å seia frå om det de er gode på, korkje til eige sokneråd eller til kyrkjekantoret. Og om det de gjer, berre er med møyse, så får ein annan gjera det. – Slik kan vi få «organa» til å fungere best mogleg. Vi er utstyrte med ulike eigenskapar og evner alle saman. Det ein likar å gjera, kan vera ei stor bør for ein annan. Og motsett. Ikkje alle treng å vera Hovudet, ikkje alle treng å vera Hjartet, ikkje alle treng å vera Dei Praktiske Lemene. Saman byggjer vi Mennesket, saman byggjer vi Arbeidet, saman byggjer vi Treet! Eller sagt på «bibelsk»: Vi er greiner på same tre.

Å vera i sokneråd er ikkje berre å male gjerde! Det kan vera det og, men de har altså som sokneråd og ansvar for det andelege livet i kyrkjelyden! Dette er ofte ein undervurdert del av arbeidet, kanskje av di ein då må røre seg litt i høve eiga tru og det kan vera litt uvant? Men ettersom framtida trengjer seg på, kan vi vel alle trengje ei lita oppjustering? Eller som det står på baksida av ei bok eg kan gå god for:

«Hvordan kan vår tid forstå de store ordene i kristendommen: Hva betyr skapelse etter Darwin og Big Bang? Hva er frelse for nordmenn som har det bra? Er nåde et ord utgått på dato? Hva mener vi når vi sier ordet Gud?»

Boka heiter «KRISTEN TRO – OPPDATERT – FOR DEN SOM IKKE TAR ALLE SVAR FOR GITT» (Kom Forlag).

Henrik Syse skriv om boka: «Takk og pris for bøker som denne. Både troende og ikke troende vil ha glede av boken som en oppdatert guide til hva kristen tro er og betyr, stilt overfor et moderne verdensbilde.

Forfattarane, to brør Nyhus, Kjell Arnold og Ole Jakob, bår prestar i den norske kyrkja, skriv i forordet til boka:

«Vi skriver for dere som er nysgjerrige og som lurer på om kristen tro kan tilby en troverdig forståelse av livet, og om en slik tro er forenlig med et vitenskapelig verdensbilde.

Vi skriver for dere som har en mistanke om at deres kunnskap om kristendom er mangelfull, kanskje også belemret med fordommer.

Vi har sett det som en særlig utfordring å skrive for dere som har lest en del, mens kunnskapen om kristen tro ble stående på et stadium dere har vokst fra. ... Vi har vært opptatt av å unngå kristelig sjargong og teologisk fagspråk.»

Kan eit menneske endre seg, er eit relevante spørsmål i etterkant av denne boka. Og i høve eit ja- då skulle vel ei slik bok vera interessant for oss alle? Alle har vi godt av å møte andre tankar enn dei vi klarer produsere sjølve. Vi er ikkje framme nokon av oss. Vi er undervegs. «Skapelse pågår» er og eit ord i boka. (Så langt boka som kanskje noko seinare kan bli til ei studiesirkel?)

Kanskje er vi alle på veg mot eit mysterium? Då kan ein trengje at nokon kjenner litt til vegen? Det er som om tida ber om dette no. Vi treng utvida kunnskap, både ny og gamal. Lukkelegvis fins det folk som har utsett seg og kan koma å fortelje kva dei fann.-

Men sjølve Mysteriet må vi lata vara. Eit mysterium som kan forklarast er ikkje eit mysterium. Eller som Jon Fosse så varsamt seier det:

«For det å tru er vel ikkje å lata vera sikker, det er å vera usikker, det er å vera i ei undring, der ein ser opningar mot eit lys, der ein ser noko ein ikkje skjønar. Det er ei undring og eit lys ein ikkje skjønar.»

Å vera kyrkje kan ikkje berre vera ei fritidsaktivitet. Det er eit liv saman med noko anna. Stemninga der ting går føre seg i, vil avsløre oss. Det må vel kjennast at vi er inspirerte av noko høgare enn oss sjølve?

Og for at ein avslutningsvis i all sin iver ikkje skal miste seg sjølv av syne og berre dele ut oppgåver og ansvar til alle andre, Gud inkludert, kan det vera lurt å minne einannan om denne bøna frå Kina:

«Herre, vekk opp din kirke og begynn med meg!
Herre, gjør din menighet levende og begynn med meg!
Herre, skap fred overalt på jorda, og begynn med meg!
Herre bring din kjærlighet og sannhet til alle mennesker, og begynn med meg.»

(etter eit manus nytta på eit av staben sine møte med sokneråda)

Sommarfuglen

Fransk påskeeventyr

Det var ein gong ei lita grøn åme, like grøn som blada på busken der ho sat. – Åh, så stor og grøn verda er, tenkte ho mens ho kraup lenger ut på busken. Plutseleg var ho komen til det ytste bladet, og då ho kikka opp, fekk ho sjå den store, blå himmelkvelven.



Like over ho sat ein liten fugl og kvitra.

- Kven er du? spurte åma.

- Eg er bodberar for sola, og eg flyr nesten opp til ho.

Men eg har ikkje tid til å sitte her og skvaldre med ein ussel skapning som deg, sa han, og letta på vingane.

Den lille åma bøygde seg mot jorda, og då fekk ho sjå ein annan liten skapning som bukta seg framover.

- Kven er du? spurte ho.

- Eg er ein mark som kryp og kravlar og arbeider meg gjennom jorda, svarte marken.

- Ikkje er eg ein fugl som flyr i lufta og ikkje er eg ein mark i jorda, tenkte åma. – Kven er eg? Tenk om også eg kunne kome nær sola og bli tenaren hennar!

- Kva funderer du på? spurte ein liten blå blome som stod like i nærleiken og strekte seg så høgt han kunne mot sola.

- Eg ville så gjerne kunne fly slik som fuglen og kunne kome nærmare og nærmare sola., svarte åma.

- Du skulle ikkje klage du, sa blomen. Du kan bevege deg fritt omkring mens eg må stå lenka til same staden. Men eg har hørt at nokre blomar er fri og kan fly. Dei kjem nokre gonger og fortel oss om sola og krafta og lyset ho har. Tenk om eg kunne få besøk av ein slik!

Blomen og åma vart gode vener, men ein dag kom ein kald vind og blåste over enga, og regnet hølja ned. Åma hadde meir enn nok med å halde seg fast til bladet sitt.

Då stormen var over, titta ho etter blomen att, men – akk - han var broten og hang mot jorda. Åma kjende seg uendeleg trist og einsam. Då hørte ho ei stemme som sa: - Ein dag skal drømmen din bli verkelegheit, men då må du først ha tolmod og styrke og mot. Du skal spinne deg eit lite hus som er heilt tett og mørkt. Når det er ferdig, skal du krype inn og spinne igjen inngangen, og der skal du ligge til eg vekker deg.

Åma begynte å spinne, ho spann både dag og natt, og snart var det vesle huset ferdig. Det var så mørkt og trangt at ho nesten ikkje fekk plass der inne. Litt engsteleg kraup ho inn og spann fine trådar framfor inngangen.

Lenge, lenge låg ho og venta i angst og spenning, men ingenting hende. Til slutt sovna ho.

I lang, lang tid sov den vesle åma. Men så ein dag hørte ho igjen stemma som ropte på ho. Då strekte ho seg så lang ho var og – tenk – då sprakk huset som ho hadde sovna i. I det same fekk ho sjå lyset som steig i aust. Åh, som ho lengta dit. Ho strekte seg lenger og lenger, og – tenk – ho flaug med eitt, lettare enn fuglen flaug ho, boren av det gode milde lyset. Sola sende dei første strålane sine over jorda og farga vingane til sommarfuglen med dei vakraste fargane. Det var påskemorgon og naturen dirra av fryd og glede. Høgare og høgare løfta sommarfuglen seg, tenk å kunne nå opp mot sola! Men så tenkte ho på den vesle, blå blomen, sommarfuglen ville så gjerne dele gleda og visdomen sin med han. Kanskje også han var blitt forvandla?

Den vesle blomen stod på den same staden og strekte den blå krona si mot himmelen. Då sommarfuglen sette seg ytst på bladet til blomen og fortalde om underet sola hadde gjort, bøygde blomen krona si og sa:

- Takk for at du kom igjen!

- Korleis kjende du meg igjen? undra sommarfuglen.

Dei verkelege venene ein har kjenner ein, sjølv om dei er heilt forvandla, svarte blomen lykkeleg.



Sundagsskuleskirenn i Lomen

Sundag 14.februar var me samla til familiemesse og skirenn ved Lomen kyrkje. Mange kalde grader og låg sol stoppa ikkje skigleda. Både born, ungdom og vaksne gjekk ei og fleire runder med stor iver. Nokon gjekk så fort at fotografen ikkje rakk å knipse dei i farta. Det smakte godt med pølser, saft og kaker etter innsatsen i løypa. Alle var vinnarar og fekk diplomar og hovudlykt i premie. Fin tradisjon, super dag med flotte folk i vintersola.





Sundags - skulen i Røn

Ein blid og fornøyd gjeng som likar å halde på med ulike oppgåver. Her har vi laga snøkrystallar. På syndagsskulen har vi ulike tema frå Bibelen kvar gong. Vi opnar ei skattekiste, under Kyrkjevandring, som gjer oss hint om kva vi skal høyre om den dagen, og avsluttar med ulike formingsoppgåver. I tillegg til dette syng vi, og ser nokon gonger på film. Heilt til slutt kosar vi oss med noko godt å ete! Vil du koma og sjå korleis det er, er du hjarteleg velkomen til det!

Helsing oss alle på syndagsskulen i Røn.

Julevandring i Røn kyrkje

Dei eldste barna i Røn naturbarnehage var så heldige å få koma til Røn kyrkje på julevandring før jul. Det var ein spent gjeng som gjekk opp til kyrkja, og då vi kom fram vart alle innskrevne i boka til keisar Augustus - Ola prest. Vi fekk utdelt ulike roller i juleevangeliet, og desse vart spelte med stor innleving.

Her ser de nokre bilete frå vandringa. Det var ei stemningsfull og fin stund i kyrkja. Barna synte stor glede over dei ulike rollene, og gav uttrykk for at dette var morosamt og spanande!

Takk for at vi fekk kome!



Sigurd og Malin – Josef og Maria.



Fra venstre: Ingvild og Vår – hyrder



Fra venstre: Mina og Sol Linnea som englar



Fargelegg!

Læresveinane kasta ut garnet der Jesus sa, og fekk så mykje fisk at båten nesten sokk!



Bibel-quiz

Kor godt kan du bibelforteljingane?
Test deg sjølv med desse spørsmåla.
(Svara står opp ned nedst på sida.)

- | | |
|---|--|
| <ol style="list-style-type: none"> 1. Kva heitte kona til Abraham? 2. Kva heitte brøren til Moses? 3. Kva heitte kjempa som David sloss mot? 4. Kven var det som blei kasta i ein brønn og seld som slave av brørne sine? | <ol style="list-style-type: none"> 5. Kva heitte gjetarguten som blei konge over Israel? 6. Kva heitte mora til døyparen Johannes? 7. Kva by vaks Jesus opp i? 8. Var læresveinane Peter og Andreas snikkarar eller fiskarar? 9. Kven sa «Eg er den gode gjetaren»? 10. Kven er faren til Jesus? |
|---|--|

1. Sara, 2. Aron, 3. Gollat, 4. Josef, 5. David, 6. Elisabet, 7. Nasaret, 8. Fiskarar, 9. Jesus, 10. Gud.

Abonner på barnebladet



BARNAS

16 blader + 1 CD

= berre 399,-

(privatabonnement
heim i posten)

Gruppeabonnement berre 239,- per barn



Bibelteikneseriar
og gøyale aktivitetar!

Perfekt som
faddergåve!

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

MESSELISTE/KONSERTAR

frå og med palmesundag til og med 31. juli

Dato	Dag	Stad	Tid	Teneste		Takkoffer
20.03.16	Palmesundag	Lomen kyrke	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Kirkens nødhjelp
24.03.16	Skjærtorsdag	Sekskanten/ Vaset	12.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	
25.03.16	Langfredag	Slidredomen	19.30	Langfredags- gudsteneste	Sokneprest Ola Døhl	Diakoni-arbeid
26.03.16	Påskennatt	Slidredomen	23.00	Året sin store festmesse	Sokneprest Ola Døhl	
27.03.16	1.påskedag	Slidredomen	11.00	Høgtidsmesse m.dåp	Sokneprest Ola Døhl	Barne- og Ungdomsarbeid
28.03.16	2.påskedag	Vestre Slidre sjukeheim	11.00	Høgtidsmesse på sjukeheimen	Sokneprest Ola Døhl	
30.03.16 (Onsdag)	Johannes Klimakos	Slidredomen	19.30	Vesper	Sokneprest Ola Døhl	
06.14.16	Onsdag	Slidredomen	14.15	Økumenisk gudsteneste	Sokneprest Ola Døhl/ Pater Peter Halldorf	
10.04.16	3.s.i påsketida	Lomen kyrkje	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Diakoniarbeid (kyrkelydens års- møte. Kyrkjekaffe)
17.04.16	4.s.i påsketida	Slidredomen	19.30	Kveldsmesse	Sokneprest Ola Døhl	
24.04.16	5.s.i påsketida	Øyjar kapell	11.00	Høgmesse m. dåp	Sokneprest Ola Døhl	
24.04.16		Slidredomen	14.00	Konsert	Eikanger-Bjørsvik Musikklag	
28.04.16 (Torsdag)	Origenes	Slidredomen	19.30	Vesper	Sokneprest Ola Døhl	
01.05.16	1.mai	Røn kyrkje	11.00	1.mai – messe	Sokneprest Ola Døhl	
05.05.16	Kr. himmelfart	Lomen kyrkje	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl	Barne- og ungd.arbeid
15.05.16	1.pinsedag	Slidredomen	11.00	Høgtidsmesse	Sokneprest Ola Døhl	
16.05.16	2.pinsedag	V.S.Sjukeheim	11.00	Pinse-gudsteneste	Sokneprest Ola Døhl	
17.05.16	17.mai	Slidredomen	10.00	Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl	
17.05.16	17.mai	Røn kyrkje	11.30	Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl	
29.05.16	2.s.i treeiningstida	Røn kyrkje	10.30	Konfirmasjon	Sokneprest Ola Døhl	
29.05.16	2.s.i treeiningstida	Røn kyrkje	12.00	Konfirmasjon	Sokneprest Ola Døhl	
31.05.16 (Tysdag)	Mariadag	Slidredomen	19.30	Vesper	Sokneprest Ola Døhl	
05.06.16	3.s.i treeiningstida	Slidredomen	11.00	Konfirmasjon	Sokneprest Ola Døhl	
12.06.16	4.s.i treeiningstida	Lomen kyrkje	11.00	Konfirmasjon	Sokneprest Ola Døhl	Konfirmantarbeid
12.06.16	4.s.i treeiningstida	Røn kyrkje	19.30	Kveldsmesse	Sokneprest Ola Døhl	
17.06.16	Fredag	Slidredomen	22.00	Tweencamp Forbønsmesse m. lys	Sokneprest Ola Døhl	
18.06.16	Laurdag	Slidredomen	23.00	Tweencamp Forbønsmesse m.lys	Sokneprest Ola Døhl	


Dato	Dag	Stad	Tid	Teneste	Takkoffer
19.06.16	5.s.i treeiningstida	Prestegarden	12.00	Friluftsmesse m.dåp	Sokneprest Ola Døhl
28.06.16 (Tysdag)	Paulus og Peter	Slidredomen	19.30	Vesper	Vikar
03.07.16	7.s.i treeiningstida	Røn (stølsmesse)	11.00	Høgmesse	Vikar
06.07.16	Onsdag	Slidredomen	19.00	Pilegrimsmesse	Pilegrimsprest Anne Hilde Øigarden
07.07.16 (Onsdag)	St. Sunniva	Slidredomen	19.30	Vesper	Sokneprest Ola Døhl
10.07.16	8.s.i treeiningstida	Lomen (stølsmesse)	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl
17.07.16	9.s.i treeiningstida	Mo kyrkjeruin	11.00	Høgmesse	Vikar
29.07.16	Olsok	Lomen stavkyrkje	19.30	Olsokmesse	Vikar
31.07.16	11.s.i treeiningstida	Slidredomen	19.30	Høgmesse	Vikar

Vi tek atterhald om endringar i messelista. Sjå «Det skjer» i avisa Valdres.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

10.12.2015 – 22.02.2016

Døypte	Røn sokn	31.01.2016	Christian Steindebakken Lahaug	
		21.02.2016	Vilde Flyåker Dalen	
	Slidre sokn	03.01.2016	Eskil Ekhougen Løvlie	
Jordfesta	Slidre sokn	08.01.2016	Ola Kolbjørn Kvåle	f. - 1934
		20.01.2016	Gerd Fosheim	f. - 1929
		05.02.2016	Knut Robøle	f. - 1928
		09.02.2016	Mathias Gerhard Eckhoff	f. - 1926



Redaksjonen:

Frå og med dette nummeret av Kyrkjebladet, er det ny redaksjon: Lisbet Vik, Veslemøy Kvamme, Brita Siri Nesja, Randi Irene Øraker Horge, Per Olav Eide og Trine Geicke Kolbjørnshus. (Som ekstra hjelp er framleis kyrkjeverja med).

Redaksjonen ynskjer alle ei fredfull påskehøgtid.

Vil med det same takke «den gamle redaksjonen», Toril Irene Stensrud Trøen, Turid Kjersti Berge og Ingebjørg Høyne, for eit framifrå arbeid dei siste åra!

Vil du være pilegrim i Valdres 2016?

Pilegrimsvegen i Valdres har middelalderkirker som perler på en snor. Arbeidet med organisering og merking av Pilegrimsvegen startet i 2004. Vi har hatt prøvevandring, ni fellesvandring, fire gruppevandring og fem vandring med fengselsinnsatte.

Vegen går gjennom fire kommuner. Du får se seks nyere kirker, fem stavkirker, fire olavsminner, tre middelaldersteinkirker, to relikvieskrin og mange andre kulturminner. Vi går stier, skogs- og bygdeveger i vakre kulturlandskap og flott natur. Opplev Valdres i sakte tempo. Meld deg ut av hverdagen og bli med oss.

Et viktig pilegrimsmål i middelalderen var St. Tomas-kirken på Filefjell, dit vår veg går fra Hedalen stavkirke. Til St. Tomas-kirken med undergjørende kraft kom folk fra hele Sør-Norge med gaver for å få igjen helsen. Vinden fra vest blåste gjennom Valdres da sagnet om Sunniva på Selje kom over fjellet, da biskopen i Svithuns-kirken i Stavanger var vår biskop, og da Thomas av Canterbury ble skyts-helgen på Filefjell. Keltisk åndstradisjon med helliggjøring av naturen var en bærende kraft i kristningen av Valdres, og levde videre her.

Organisert fellesvandring langs Pilegrimsvegen

1. juli – 9. juli 2016

Fredag 1. juli: Frammøte på Solheimen hotell, nær Hedalen stavkirke, på kvelden. Middag, presentasjon og orientering før overnatting.

Lørdag 2. juli: Fra Hedalen stavkirke til Timannsbrua ved Hølera, ca. 21 km. Sti og skogsveg. Overnatting i gapahuk og telt.

Søndag 3. juli: Til Reinli stavkirke ca. 17 km. Sti, skogsveg og bygdeveg. Overnatting Reinli skole.

Mandag 4. juli: Fra Reinli, forbi Aurdal kirke i Nord-Aurdal og til Leira, ca. 25 km. Bygdeveg og jernbanetrase. Buss til Røn. Overnatting Furulund Pensjonat.

Tirsdag 5. juli: Buss tilbake til Leira. Forbi Tingnes, gjennom Fagernes, til Ulnes steinkirke og frem til Røn i Vestre Slidre ca. 23 km. Gangveg, sti og bygdeveg. Overnatting Furulund Pensjonat.

Onsdag 6. juli: Til Øyjar kapell og Mo kirkeruin, videre til Tingsteinen og til Maria-kirken eller Slidredomen, ca. 12 km. Bygdeveg og gangveg. Overnatting Slidre samfunnshus.

Torsdag 7. juli: Fra Slidre til Lomen stavkirke, videre til Høre stavkirke i Vang og til Heensåsen kirke, ca. 25 km. Sti, skogsveg og bygdeveg. Overnatting Åsvang skole.

Fredag 8. juli: Fra Heensåsen kirke til Øye stavkirke ca. 19 km. Bygdeveg. Overnatting Øye skole.

Lørdag 9. juli: Fra Øye kirke over fjellet til St. Tomas-kirken, ca. 19 km. Sti og stølsveg. Avslutning. Returskyss til Fagernes.

Turleder Jahn Børe Jahnsen og pilegrimsprest Anne Hilde Øigarden. Turleder guider ved kulturminner og i kirker. Presten har enkle samlinger morgen og kveld og i kirkene. **Pris kr. 7.000** inkl. guiding, overnatting, god mat, bagasje-frakt og følgebil.

Arrangør: Pilegrimsfellesskapet St. Thomas i Valdres.
Maks 30 deltakere. Påmeldingsfrist 1. juni til:

Trond Øigarden
Prestgardsvegen 9, 2910 Aurdal
Tlf 950 77 558
Epost trndoi@online.no

Konfirmantar 2016

29. mai kl. 10.30 Konfirmantar i Røn kyrkje

Kyan Nathanael Roos
Marit Snortheimsmoen
Simen Hagene
Ivar Ulven
Karoline Røn
Thea Snortheimsmoen

29. mai kl. 12.00 Konfirmantar i Røn kyrkje

Sandra Berg
Andrine Sørensen
Marte Hambro Haugland
Sara Ingebjørg Sørensen
Ole Ingar Goin Svanheld
Malin Johanne Goin Svanheld

5. juni kl. 11.00 Konfirmantar i Slidre kyrkje

Trygve Bergsbakken
Kari Øye
Mali Strømmen Bakken
Ørjan Svanheld
Kristin Berge
Hedda Holden

12. juni kl. 11.00 Konfirmantar Lomen kyrkje

Anita Hakkebo Dokkehaugen
Arne Vidvei Ildjarnstad
Solveig Kvale Bakke
Håkon Garvik

Rekneskap 2015 for kyrkjebladet i Vestre Slidre

Utgifter

Oppsetting og trykking	33000	
Porto (utsending)	16720	
Mva	11430	
Sum utgifter		61150

Inntekter

Refusjon mva frå rekneskap	11430	
Refusjon frå andre	14000	
Gåver frå andre	31280	
Sum inntekter		- 57280
Sum meirforbruk		3870

Vi må dekke meirforbruket med oppsparte middel frå tidlegare.

Vi takkar så mykje for gåver til kyrkjebladet, i 2015 kom det inn kr. 31.280,-. Gåvene gjer at vi kan lage eit så fint blad som de no har i handa.

I dette bladet har redaksjonen lagt ved ein giro som de kan bruke for å gje dykkar gåve til kyrkjebladet. Vi takkar så mykje for gåva! Takkar òg Vestre Slidre Sparebank som trykkar og gir oss giroane gratis. TAKK!

Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen:	Lomen Auto Soknerådsmedlemmar
Slidre:	Coop Slidre
Røn:	Lena Maskin og Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen:	Joker Ryfoss, soknerådsmedlemmar
Slidre:	Coop Slidre
Røn:	Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrjekontoret er opent: måndag, onsdag og torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00, tysdag kl. 12.00 – 15.00.

Kyrjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidrepresten@gmail.com

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

Namn	Tlf.	Jobb
Elisabeth Myhre	61345095 90591761	Kyrkjeverje
Eldbjørg Myrvang Wiknes	61345098 45202615	Kontorfullmektig Diakonimedarbeidar Klokkar Lomen sokn. Klokkar Slidre sokn ved gravferd
Are Alund	99734175	Kantor
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar Røn sokn. Røn og Øyjar
Trine Geicke Kolbjørnshus	41201165	Klokkar Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Odd Kolbjørnshus	91754905	Kyrkjetenar Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn sokn. Røn og Øyjar Kyrkjetenar i Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre. Reinhaldar i alle sokna
Nils Einar Ormestad	90178983	Ringjar i Slidre
Caroline Synvis	93097190	Tilsynshavar Lomen stavkyrkje Trusopplærar

Peter, den sterke

Hva med disse nøkler, Herre?
Å, du kunne latt meg slippe!
Hva skal stakkars Simon gjøre
med et himmelsk nøkleknippe?

Hva skal bindes? Hva skal løses?
Bandt jeg mine brøders kvaler?
Var jeg verd å løse remmen
på en menskesønns sandaler?

«Du er Peter. Du er klippen
jeg vil stå på.» Mine krefter
varte kort. «Vik bak meg, Satan!»
sa du til meg like etter.

Jeg som sank i vannet for deg,
jeg som ville stanse barnet,
skulle være rette fisker
til å kaste menskegarnet?

Jeg som knapt forstod et ord av
det du hadde å fortelle:
Var jeg Peter? Var jeg klippen?
Herre, det var sprekk i fjellet!

Har du ikke sett det, hvordan
din Filippi-fullmakt virker?
Bygges kirken din på Peter,
får du sytti skilte kirker!

Jeg som løp da vekten kom i
oljehaven. Sa du klippe?
Hvorfor ga du til en dåre
alle verdners nøkleknippe?

Hvorfor ikke til Johannes?
Mester, det var urettferdig.
Hanan galer! Hanan galer!
Jeg har aldri vært deg verdig.

ANDRE BJERKE

UNDERVEGS MOT PINSE:

«Ånden er den store økumen – den som binder sammen.
Hvis vi lar den hellige Ånd leve i oss,
vokser vi sammen enten vi vil det eller ikke.»

WILFRID STINISSEN

«Det er ingen skam å snu kappa etter vinden
så lenge vinden er den hellige Ånd.»

WILFRID STINISSEN

Valdres
Kjøleservice
Døgnservice
90 59 52 61
Kjøl- og fryseanlegg - Aircondition - Varmepumper
Magne Egge

SYNDINSTØGA

Randi og Andres
Tlf. 977 43770 • post@syndinstoga.no

*Vi arrangerer selskap
av alle slag, hele året!*

Tveitabru
Bygg AS

TRØSVIK
GÅRD

